



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200805490	09.02.2012	10696/2012/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	23.04.2012

Rauma kommune – bygging og drift av Vengåa kraftverk – fråsegn til søknad om konsesjon

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til at det er registrert automatisk freda kulturminne i eller nær Vengåa, men ønskjer gjerne nærare opplysningar om trasé og kraftverktomt for å vurdere potensialet for hittil ukjente kulturminne.

Det kan eventuelt verte naudsynt med ei synfaring for å vurdere behovet for arkeologisk registrering

Kulturminne frå nyare tid

Det er registrert tufter etter to kvernhus i Vengåa (1539-0020-059 og 1539-0020-060), og ei etter ei sag i Sagøyan (1539-0019-016). Elles er det også fleire SEFRAK-registrerte bygg på Venjesdalssetra.

Vi ber om at ein tek omsyn til desse kulturminna under vidare saksbehandling.

Friluftsliv

Venjesdalen med tilgrensande fjellområde er eit av dei mest populære områda for friluftsliv i Romsdal og i Rauma kommune, som satsar sterkt på friluftsliv for sine innbyggjarar og i reiselivssamanheng. Området er sentralt i den store reiselivssatsinga kring Romsdalseggen, med start- eller endepunkt i Venjesdalen. Molde og Romsdals turistforening har under planlegging ny turisthytte i området, og det er godkjent frådeling av tomt ved Venjesdalssetra.

Vi rår difor til at NVE i si saksbehandling legg særleg vekt på konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak for friluftslivet, både det allmenne friluftslivet og friluftsliv som satsingsområde for reiselivet i regionen.

Etter vår vurdering vil ei utbygging som planlagt ikkje ha større direkte innverknad på tilgjenge i området, då det truleg er lite ferdsel i området for inntak, røyrgate/anleggsveg og kraftstasjon. Innverknad på landskapsopplevinga kan vere større, ikkje minst sett frå dei mykje brukte fjellområda på nordsida av hovuddalføret i Isfjorden. Utbygging i eller nær mykje brukte friluftslivområde kan dessutan ha

innverknad på attraktivitet og omdømme som er avgjerande faktorar i reiselivssamanheng.

Dei negative konsekvensane av utbygginga vil etter alt å dømme vere størst i anleggsfasen, og det kan ha mykje å seie kor lenge denne fasen varer og til kva tider av året anleggsarbeidet føregår mest intensivt.

Konklusjon

Fylkeskommunen viser til merknader over og ber NVE i si vidare saksbehandling ta omsyn til kulturminneverdiar og friluftslivsinteresser i området.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

Fagsaksbehandlar

Kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:

Rauma kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir